

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Borgund

Emne: Høgtidsmat ved familiefester

Bygdelag: Spjelkavik

Oppskr. av: Lúðvig Múni

Gard:

(adresse): Spjelkavik,

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Noko*B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): *80 år gammel
bondekone.*

SVAR

1. Det har vore, og er i noko mæn einno vanleg skinn å gå med mat til barselkone. Det er serleg skyldfolk og grammekoner som no går med senggamat, som skikken kallast.
2. Ein skulle koma einiskildvis. Å koma fleire i lag samstundes var ikkje brå. Då tok ein litt som høgtia frå kvarandre.
3. Nei, det var etter fritt og eige val. Men jamnaste var det rjomegraut, og då så rikeleg at heile hússtanden fekk smaka.
4. Helst skulle ein koma med senggamat så snart kona var fara i seng. Det var ikkje rett å dryg så lenge til kona var oppatt staden.
5. Berre ein gong.
6. Helst rjomegraut frå gardkone og og slike som badde i gramelaget, men kom dei lenger i frå. Kom dei med korg. Her låg vaflar, lefse, bakkels av ymse slag, smør i ostkje eller form, søst.
8. F dreia trefat, krüsfat, eller steinty-terrin med lok. Rjomefettet fylgde med i eit lite spann. Grauten var strödd med sukker, kanel, eggskiver og riven sukkerkavring eller kvitbröd.

9. Allt mat vart kalla sengljamat.
10. Det var vanleg at húsmora själv bar sengljamat. Var det mykje á bera og lengur veg, fylgde det med ei smágjente til hjelp. Fúndtaks hóve vart tenestegjenta send.
11. Mannen fylgde sjeldan med utan det tróngst skyss til á fá maten fram.
12. Sendingarfædet fekk allis traktering, som ved vanleg gjesteviljing. Fugen skilnad om barnet var gút eller gjente.
13. Gjestebodet hadde ikkje noko særskilt namn.
14. Barsöl var nemninga berre på dápshögta.
- 15 Vanleg var det berre til gitte mødre ein gjekk med sengljamat, men ein kúnne og i ymse hóve gå til úgifta. Då mátte ein visa takt og finkjens og ikkje nemna farskapet.
- 16 Skikken med sengljamat og barselgraut var endra seg etterkvart. Dei fleste barnsungkoner fer no helst til fødselsheimen i Egen. Difor kjem gávur no til dápssdagen i form av blótkaker, blomar m m.
- Etter dápin vert gjevurane bodne til etterselskap.
- Summe skikken tok til for ei 20-30 ár sidan.
17. Noko særskild gáve til den nyfødde var ikkje skikk för.
18. No gjev ein ei lita gáve i form av klár- tóg- stykker, trád. o.l.
19. Dápsgilde var det sjeldan för, no er det vanleg. Dei som er med, er fadderane, og næraste skyldfolk.
- 20 Dápsgildet heitte för barsöl. No barnedáp.
21. Sendingar var vanleg för. Det var ei noko stor kake - lefser - bakkis - smör og söst.
22. Ho som bar - kom med störste sendinga.
23. No vert det helst sendt blótkaker eller blomar.

B Fødselsdag (årsdagsdag)

24. Nei

25. Helst bene ved runde tal.

26. Det er vanleg at frå sjølve dagen kjem kven som vil. Etterpå er det gilde for innbedne.

27. Det er vanleg skikk å gi gaver, men folk som kjem bene til å gratulera - gjev ikkje gaver. Helsingstelegram er det mest vanlege.

28. Nei

29. No må det vera sjokolade, kaffi, klinge og bløtkaker - (for barn med lys på).

C. Konfirmasjon

30. Det var ikkje skikk å feira konfirmasjonen før.

31. No er det vanleg skikk. Tok til for 30-40 år sidan, og har vaksne på etterkvart.

32. Presten og læraren vert sjeldan bodne. Det er fadderane til konfirmanten og nære skyldfolk.

33. Det vert sendt bløtkaker.

34. Gaver vert sendt i form av presanger - eller pengar - ikkje berre gjester, men skyldfolk og venner.

35. Det vert servert fin middag - sidan kaffi og kaker - koldsmat.

D Brullaup.

36. Festarøl vart det stutt med for ei 50-60 år sidan.

37. Det er somme som har ei festleg samkome i heimen til gjenta når trulova byter ringar, men det er ikkje vanleg.

38. Då brudevigsla som vanleg var under høgmessa søndag, kom dei første gjester laurdags kvelden. Det var skyldfolk som lundde lengst ifrå brudlaupsgarden. Alle gjester vart motteke av kjøkkemeisteren med ein dram ute på tønne.

Når gjestene hadde beuna seg til setes, kom kjellarmannen med ölballen. Denne gjekk rúndt frá mann til mann. stova rúndt. Kvinnene sende oftast ballen i frá seg utan å smaka frá ölet. Så var det kveidsmat laurdagskvelden. Då var det anten lita eller salta fisk og úskrella poteter. Fisker og potetene var lagd på same fat. Tinfat trefat eller brúne krusfat. vart brúkt til å setja fram på bordet. Midt i fatet stod ein kopp med dúpp. Det var brádd talg av sau eller kjötfeitt. På bordet stod ein krukje med flatbröd (på eit vanleg langbord stod forresten trí slike flatbröd tirar.) Alle skútte ná i flatbrödet utan at det vart sendt rúndt. På bordet stod dessutan smör i form eller i smöröskjer. Lefser, sveltekaker og sjerdingar av rúnde bröd lög der og, deribí fleire fat med söst (gümme) Dei brúkte ítakje gafflar, knivar hadde kvar gjest med seg heimanfrá. Når brúclaupet var sett og kjökormeisteren hadde síngt Velkomst verset, sa han: „No má de ta opp knivane dykkar og forsyne dykk av det som på bordet er eller kome kan.“ Máltidet enda med mjáksúpe av gryn eller mjál. Gfshála gjekk fleire vnder rúndt bordet únder máltidet.

Túndag tok til med morgondram til nykomne gjebler, og dram på sengu til dei som overnatta. Eit bakelse fylgde med å bita i atkát.

Morgonmaten var om lag som kveldsmaten, men dá var det ikkje súpe. - berre öl.

Middag, síndag var salta kjöt og fleisk, poteter og mjákesúpe, öl og ein dram tie kvar.

Der vart fram lagd Boroskar - (tallerken av tre eller tin) Kveldsmat síndag var som laurdagskvelden.

Krukje - flatbrödsetjing

Måndag var morgonmaten som laurdag og søndag, måndag middag var det rjomegraut. Det var lögba i høgta. Når gjestene var komme tilbords. Kom graut berarane med spellemannen først, så gjavarle matmor og så dei andre hjelpekonene og unge jenter og gutar i rad etter kvarandre med kvar sitt graut. Fat berande inn på borda. Første fatet vart sett fram for brudfæket av matmor nr. ein. Før toget gjekk inn i brudlæpsstova, gjekk toget ein runde kring i turet, gjeme rundt turtreet og spellemannen spela grautmarsen.

Tredje dagen var vigd hjelpearane, koka, matmødrene og tenarskap. Kjøkkmeister og kjellarmann, gard folk. Kjøkkmeisteren sa så opp brudlæpet og vart til slutt tekne opp gjennom ljoren.

39. Ei sending var: 30 lefser, 30 vellekaker, 10 plater vafler, 40-50 rjomebakkels, 1 fat søst, 1 smørform eller smørstøpe og ei brurkake, utkroka minker.

40. Smøret var støypt i roseform. Smørstøpa hadde gjeme lox med utskoren rose.

41. Nei

42. Gävekorg-

43. Helst hismora når ho kom til brudlæps.

44. Grammekonene sende mjølk og rjome til brudlæpsgarden kvelden før. Det var tenestojenta eller vaksne døtre som gjekk med dette. Atti spannet fekk dei lagd smakebiter av brudlæpsmaten.

46. Dei som stod for maten og heimattsendinga kalla dei matmädre. Heimattsending vart lagd att i sendingkorga og - det vart kalla ä leggja att i korga.

47. Fleire dags brudlæp er det slutt med no. Det slutta for ei 30-40 år sidan.

48. No er det vanleg med å halda brudlæp på kvell

49. Dette er mykje krüet no.

50. Brudlæpsgäver vert sendt til heimen-

Fest på årsdagen for brudlauget er lite brukt.
 Det er 25 års og 50 års - 60 års - 65 og 70 års dagen.
 E. Gravøl.

52. Kvar grend hadde sitt gravølslag. Ein av familien
 gjekk til kvart hus i grenda og bad. Dessutan bad
 ein skyldfolk.

53. Gravølet varde ein dag. Skyldfolk som hadde
 lange vegar, kom kvelden før. Det var to måltides
 gravølsdagen.

54. Det var kakemat med tutefisk eller salt
 fisk til - òl - seinare kaffi. Maten vart servert
 ved langbord.

55. Ukjent

56. Nei

57. Berre i heimen, men ein hadde stundom bord-
 sete på låven, eller i godset på tønne. Drik og i brud-
 laup.

58. Det var inga sending - men gravølslaget skøyte
 i med mjølk om det trengdest.

59-60 ukjent.

61. Ukjent

62. For 20-25 år sidan var det sjeikk å gi gravøls-
 folket mat både før og etter gravferda. no er det
 berre sjeikk folk og gode venar og gardsfolk som vert
 bedne med i heimen eller gravferda.

63. Risdrykk vert ikkje servert i gravøl no.

64. Nei

65. Svar under nr. 62.

66. Svar under nr. 63.

67. Nei

68. Det er vanleg å setja lysringa om dødsfall i
 avisa, og då vert alle som vil fylgja til grava, bedne.

69. Denne sjeikken er no ei 20-25 år gamal.

F. Nye festar.

70. Nei

71. Morsdagen er det vanleg å feira no.

Det tok ein til med for ei 10 år sidan.

72. Det har så smått teke til, men ikkje
ålment.

73. Blåttkaker

74. Lysingar i blada, i radio-berna på skulen
har det travelt med å teikna morskort-telegram
frå lærdeverande born er mykje brukt.

75. Gjennom aviser og "nyskikk" i byen.